

Breidablikk hytteforening

INNKALLING

TIL ÅRSMØTE I BREIDABLIKK HYTTEFORENING

ÅRSMØTE 2017

1. september 2018, kl 18:30 – 19:15

Agenda:

1. Godkjenning av innkalling og val av møteleiar
2. Årsmelding
3. Årsrekneskap 1. januar 2017 – 30. juni 2018
4. Val av styre med varamedlemar
5. Val av revisor
6. Godkjenning av budsjett og fastsetting av kontingent for 2019
7. Andre innmeldte saker
 - 7.1 Muligheit for innlagt vatn

Årsmøtet vert heva.

Breidablikk hytteforening

VEDLEGG til innkalling til Årsmøtet 2017

Sak 2: Årsmelding – Vedlegg 1)

Sak 3: Årsrekneskap – Vedlegg 2)

- Forklaring til posten oppretting av heimeside: kr 30.413,-:
 - o Oppretting av heimeside i 2017: kr 16.000,- + mva
 - o Serviceavtale 9 mnd i 2017: kr 3.150,- + mva
 - o Serviceavtale og domeneavgift 2018: kr 5.180,- + mva

Sak 4: Val av styre med varamedlemar

Forslag til nytt styre som konstituerer seg sjølv på første ordinære styremøte etter årsmøtet:

Namn	Periode hittil	Forslag til avstemming
Kirsti Gjørvad	2014 – 2018	Gjenvalg for 2 nye år
Roger Howden	2015 – 2019	
Ingvild Bøstrand	2012 – 2018	Går ut av styret
Kjell Warholm	2014 – 2018	Gjenvalg for 2 nye år
Bodil Berge	2015 – 2019	
Tor Hole	2017 – 2019	
Sveinung Hovde	2016 – 2018	Gjenvalg for 2 nye år
Gry Berg Rusten	2018 – 2020	Nytt medlem

Sak 5: Val av revisor

- Per Bjerke stiller til val for ein ny periode.

Sak 6: Budsjett 01.07.2018 – 30.06.2019 – Vedlegg 3)

- Styret foreslår å kjøpe inn 1 eller 2 nye webkamera. Begge kamera er tenkt plassert på buda på parkeringsplassen, eit i kvar retning på Gamle Geirangerveg. Vi kontakta Lars Kristian Sperstad i Bismo Elektro. Kostnaden for 1 og 2 kamera er hhv ca. kr 6.750,- og ca. kr. 10.500,-.
- Heimeside: kr 7.000,- i årleg serviceavgift.
- Heimeside: Eingongssum på kr 1000,- for å legge inn Cookie varsel i forbindelse med den nye GDPR (personvernreglar).

Avstemming:

- Kontingent: Årsmøte gir si tilslutning til å vidareføre årskontingenten på kr 350,-.
- Purregebyr: Årsmøtet gir si tilslutning til å innføre gebyr på medlemsavgifta dersom det må purreast etter ordinær betalingsfrist på 30 dagar.
- Purregebyr: Årsmøtet gir si tilslutning til eit purregebyr på kr 100,-.

Breidablikk hytteforening

- Nytt webkamera: Årsmøtet gir si tilslutning til innkjøp av 1 nytt webkamera til ca. kr 6.750,-.
- Nytt webkamera: Årsmøtet gir si tilslutning til innkjøp av 2 nye webkamera, til ca. kr. 10.500,-.
- Budsjettet: Årsmøtet gir si tilslutning til godkjenning av Budsjettet.

Sak 7.1: Mulighet for innlagt vatn

Skjåk Kommune inviterte alle hytteforeningane i kommunen til møte i Bismo 22. juni 2018. Ei av sakene på møtet var Innlagt vatn i hyttefelt. Skjåk Kommune gjorde det klart at dei ikkje ynskjer individuelle dispensasjonssøknadar frå hytteeigarane, men heller til at det er betre å søkje om ei reguleringsendring av området. Konklusjonen til Skjåk kommune i saka er fylgjande; «Før kommunen kan tillate innlagt vatn må det utarbeidast ein VA-plan for kvart felt, og reguleringsplanane må endrast slik at dei samsvarer med desse.»

Skjåk Kommune ba om at hytteforeningane rettar ein henvendelse til kommunen om reguleringsendring for å opne for mulighet for innlagt vatn, og at kommunen på den bakgrunn kan sette i gong utredning av ein Vann/Avløp-plan for områda.

Det er viktig å presisere at det ikkje er snakk om eit påbod om å legge inn vatn, men at dei som ynskjer det kan få adgang til å legge inn vatn i samsvar med ein endra reguleringsplan.

Avstemming:

- «Årsmøtet gir si tilslutning til at styret held fram arbeidet mot Skjåk kommune for å fremje omregulering av hyttefeltet for mulighet for innlagt vatn i hyttene.»

Årsmøtet vert heva.

Med venleg helsing
Styret i Breidablikk Hytteforening
v/Kirsti Gjørvad

Breidablikk hytteforening

MEDLEMSMØTE

1. september 2018, blir delt i to bolkar:

18:00 – 18:30: Svein Sunde i Gode Vegar AS

Informerer om Ny Strynefjellstunnel og mulig vegarm til Geiranger.

19:15 – 20:00 Medlemsmøte med ordet fritt;

- Kunngjering av trekninga av trimpostane
- Orientering om GDPR – ny personvernlov. Vår personvernerklæring. Vedlegg – M1
- Informasjon om Medlemssidene på heimesida
- Informasjon og diskusjon rundt sakene frå møtet mellom Skjåk kommune og hytteforeningane. Vedlegg – M2
- Orientering om Gamle Geirangerveg
- Ordet fritt

Middag ca kl. 20:00 – påmelding innan 29. august 2018 til Ingvild Bøstrand,

ingvildbostrand@hotmail.com